Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Hand-saming i KU	Hand-saming i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
Pleie- og omsorgstenestene	16.04.13, sak 14/13	19.11.13, sak 30/13	16.12.13, sak 85/13	KU 17.06.14, sak 15/14	
«Spes. ped. tiltak»	28.01.14 sak 3/14	23.09.14, sak 26/14	03.11.14, sak 73/14	Innan 6 mnd april møte 2015?	
Selskapskontroll					
Oppfølging - SIM IKS		29.04.14, 11/14	19.05.14,		
Andre saker					

Avslutta prosjekter

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Fylgt opp	Merknader
Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2016	22.05.12 sak 11/12	18.09.12, sak 22/12	22.10.12 sak 101/12	I 4-års perioden	Laga av KPMG as
Selskapskontroll					
Plan for selskapskontroll 2012-2016	-	18.09.12 sak 21/12	22.10.12, sak 100/12	I 4 års perioden	Laga av sekretariatet
SIM IKS	21.12.11 sak 25/11	18.09.12 sak 20/12	22.10.12, sak 102/12	Inga frist	Deloitte as
Andre saker					
Overordna analyse for forvaltningsrevisjon	22.05.12-	18.09.12, sak 22/12	22.10.12 sak 101/12		Laga av KPMG as

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	10.02.15	3/15
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

PROSJEKTPLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – «SAKSHANDSAMING, SERVICE OG HALDNINGAR I SVEIO KOMMUNE»

Vedlegg: **KPMG:** Utkast til prosjektplan- «Sakshandsaming, osv i Sveio kommune»,
(to versjonar, med og uten s. 7 som ikkje er off., Offl § 13/Forv.§ 13)

Saksorientering:

I møte 25.11.14, sak 31/14 bestilte kontrollutvalet ein prosjektplan innanfor temaet saks-
handsaming, service og haldningar frå KPMG. Utkast til plan er oversendt sekretariatet
02.02.15.

Bakgrunn

Temaet er ikkje blant dei prioriterte tema i Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2015, som vart
vedteke i kommunestyret 18.12.12, men kontrollutvalet er delegert mynde til å setje i verk
forvaltningsrevisjon på andre område enn dei som er inkludert i overordna analyse, dersom
dei finn det formålsteneleg.

Føremål og problemstillingar

Revisor foreslår i det vedlagte utkast til prosjektmandat at føremålet med prosjektet er å
«*evaluere korleis og i kva grad kommunen sikrar:*

- *eit høgt servicenivå overfor kommunen sine innbyggjarar*
- *effektiv sakshandsaming i tråd med lovkrav*

*Det er og eit føremål at forvaltningsrevisjonen skal gje tilrådingar om forbetringstiltak,
dersom det blir identifisert forbetringspunkt.»*

Forvaltningsrevisjonen vil gje svar på fylgjande problemstillingar:

- 1. Kva målsettingar/føringar har kommunen etablert for å sikre ynska servicenivå overfor
kommunen sine innbyggjarar?*
- 2. I kva grad følgast målsettingane/føringane systematisk opp av leiinga?*

Herunder til dømes sjå på

- om/korleis kommunen arbeider med å bygge gode servicehaldningar

- om/korleis kommunen sikrar at tilsette har tilstrekkeleg kunnskap til å ivareta gjeldande lover og reglar for sakshandsaming

- om det gjerast målingar av servicenivå

3. I kva grad er det etablert tenlege rutinar for mottak og handsaming av førespurnadar?

4. I kva grad vert lovpålagte tidsfristar knytt til sakshandsaming etterlevd?

Ressursbruk

Slik prosjektet nå ligg føre er det estimert ein ressursbruk på 200 timar. Timane er innanfor det som kommunestyret har sett av i budsjettet til forvaltningsrevisjon i 2015. Ut frå avtalt pris vil prosjektet komme på litt under ca kr 200.000 eks. mva.

Når det gjeld aktivitets- og framdriftsplan har KPMG bede om at det ikkje er offentleg, då den syner selskapet si disponering av ressurar. Sekretariatet har teke ut denne sida (s.7) med heimel i Off.love § 13/ Forv. Lov § 13 og legg den berre fram i møtet.

KPMG skriv at oppstart vil vere i februar/mars, datasainnsamling og gjennomføring fram til ut juni. Rapportering vil skje innan september (veke 37). Utvalet skal ha fyrste møte i haust (og siste med noverande utval 9. september. Saksdokument vert sendt ut ei veke før så rapporten må gjerast klar noko tidligare .Rapporten vil då bli lagd fram for kommunestyret 12. oktober.

Kontrollvalet må før endelig bestilling ta stilling til om dei føreslåtte problemstillingane dekkjer det kontrollutvalet ønskjer å oppnå med prosjektet.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Sveio kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Sakshandsaming, service og haldningar» i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre/ evt. med desse endringane: Ramma vert sett til 200 timar.

Aksdal, 02.02.15

Toril Hallsjø

Daglig leiar/utvalssekretær



cutting through complexity™

Prosjektplan for forvaltningsrevisjon

"Sakshandsaming, service og haldningar i Sveio kommune"

Sveio kommune, 2. februar 2015.

VEDLEGG

SAK

3/15

Haugaland

Kontrollutvalgssekretariat IKS

Mottatt dato: 02.02.15

Journalført: 15/0046/tha

Arkivkode: 216



Innhold

1	Innleiing	1
1.1	Valt forvaltningsrevisjonsprosjekt	1
1.2	Bakgrunn	1
1.3	Førebuingar	1
2	Føremål, problemstillingar og kriteria	4
2.1	Føremål	4
2.2	Problemstillingar	4
2.3	Avgrensingar	4
3	Revisjonskriteria	5
4	Tilnærming	6
4.1	Metode	6
4.2	Aktivitets- og framdriftsplan	6
5	Utførande revisorar	9
6	Honorar	10

1 Innleiing

1.1 Valt forvaltningsrevisjonsprosjekt

I kontrollutvalsmøtet 25.11.2014 bad kontrollutvalet i Sveio kommune KPMG om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt "Sakshandsaming, service og haldningar i Sveio kommune". Utkastet vil bli handsama i kontrollutvalsmøte 10.02.2015.

1.2 Bakgrunn

Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2016 vart vedteke i kommunestyret hausten 2012. Sakshandsaming, service og haldningar er ikkje eit prioritert tema i planen. I sak KOM-101/12 går det fram at eventuelle oppdateringar og endringar i Plan for forvaltningsrevisjon i planperioden delegerast til kontrollutvalet. Frå retningslinjene for forvaltningsrevisjon (kapittel 3.4) går det mellom anna fram at kontrollutvalet med slik delegert mynde kan sette i verk forvaltningsrevisjonar på andre område enn dei som er inkludert i overordna analyse, t.d. fordi risikotilhøva i kommunen endrast vesentleg.

I sak 31/14 i kontrollutvalet går det fram at eit kontrollutvalsmedlem "hadde blitt kontakta av folk som ikkje hadde fått svar på brev dei hadde sendt til kommunen eller at det hadde tatt svært lang tid, og meinte dette var det svært viktig å få undersøkt. Leiar viste til at det finnst lovreglar i forvaltningslova om førebels svar. Utvalet vart samd i at dette var eit aktuelt tema for forvaltningsrevisjon, der ein rapport kunne gje grobotn for å gjere kommunen betre. Det blei peika på stort press på enkelte sakshandsamarar eller fåkunne kunne vere grunn for lågt servicenivå i liten kommune kontra ein stor kommune. Utvalet drøfta ordlyden på prosjektet og blei samd i «Sakshandsaming, service og haldningar i Sveio kommune».

1.3 Førebuingar

1.3.1 Gjennomførte aktiviteter i førebuingssfasen

Det er eit mål å etablere ein god prosjektplan, som stiller opp relevante og vesentlege problemstillingar for forvaltningsrevisjonen. Samarbeid og dialog med kontrollutval og kommuneadministrasjonen i førebuinga er viktig for å sikre at det vert tatt utgangspunkt i relevante og vesentlege problemstillingar.

KPMG vart i kontrollutvalsmøte 25.11.2014 bedt om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve. I møtet blei fleire spørsmål trekt fram under kontrollutvalet si drøfting av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt. Dette var særleg spørsmål rundt korleis kommunen tek i mot, handsamer og følger opp førespurnadar frå innbyggjarane, og kva system, rutinar og arbeidsdeling som her finnst – og om desse er effektive. Finnst det til dømes rutinar for å sende ut bekreftelse, og bestemte tidsfristar for tilbakemelding? Kontrollutvalet stilte og spørsmål om korleis haldningane knytt til sakshandsaming av førespurnadar frå innbyggjarane er, og om det er naudsynt kunnskap hos tilsette om gjeldande lover og reglar knytt til sakshandsaming.

Som ledd i førebuingane av prosjektet har KPMG gjennomført følgjande aktiviteter:

- Samtale med høvesvis rådmann, kommunalsjef IKT og utvikling og konstituerande leiar for offentlig servicekontor i Sveio kommune. Føremålet har vore å få innspel knytt til organisering, utfordringar og relevante einingar som driv sakshandsaming med kontakt overfor innbyggjarar.
- Innsamling og gjennomgang av dokumentasjon frå kommunen: Årsmelding 2013, kommuneplan 2011-2013 – strategisk samfunnsdel, og diverse informasjon frå nettsida til kommunen.

Under følgjer ei kortfatta skildring av overordna målsettingar i Sveio kommune, sentrale einingar og utfordringar, knytt til serviceyting og handsaming av førespurnadar frå innbyggjarar. Skildringa er basert på dokumentasjon og samtalar som forvaltningsrevisor har gjennomført i samband med arbeidet med prosjektplan. Skildringa gir ikkje eit uttømmende bilete av kommunen sitt arbeid på dette området og den er ikkje verifisert av kommunen. Skildringa gir soleis eit førebels bilete.

1.3.2 Overordna målsettingar i Sveio kommune

Sveio kommune si overordna målsetting er at samfunnsoppdraget skal gjennomførast i samsvar med politiske mål. Sveio kommune er ein lærande organisasjon som sett innbyggjaren i sentrum. Vidare beskriv målsettinga at i Sveio kommune *"leverer me tenester av god kvalitet. Kommunen skal gje eit differensiert og tilpassa tenestetilbod i tråd med sentrale overordna føringar"*, og her *"arbeider alle tilsette for at Sveio kommune er ein god servicekommune"*.

I Kommuneplan for Sveio 2011-2023 – Strategisk samfunnsdel går det fram at Sveio må tilby kommunale tenester med kvalitet for at Sveio skal vere ein god kommune å bu i. Ei undersøking i 2008 avdekkja at innbyggjarane i hovudsak var nøgde med kvaliteten i tenestene. For å vidareutvikle tenesteproduksjonen i Sveio kommune vart det satt opp ei rekke delmål som organisasjonen skal arbeide mot. I blant desse er dei to første delmåla følgjande:

- Alle tilsette skal arbeide for at Sveio blir den beste servicekommunen i Noreg innan 2014.
- Alle tilsette skal sette brukaren i sentrum. Kommunen skal gje eit differensiert og tilpassa tenestetilbod, i tråd med sentrale overordna føringar.

Frå Årsrapport 2013 går det fram at Sveio kommune har hatt økonomiske utfordringar som følgje av kombinasjon av sterk folkeauke og implementering av statlege reformer. Rådmannen seier i rapporten at sjølv om det er nødvendig å følgje den økonomiske utviklinga tett og evt. sette i verk naudsynt tiltak, vil ein kunne tilby kvalitativt gode og forsvarlege tenester også framover.

1.3.3 Sentrale tenesteområder for serviceyting og sakshandsaming med kontakt overfor innbyggjarar i Sveio kommune

Offentleg servicekontor er ei støtteining som inngår i rammeområdet sentraladministrasjon. Kommunsjef for IKT og utvikling har det overordna ansvaret for offentlig servicekontor, i tillegg til IKT og teknisk område. Servicekontoret står av 6 stillingar, inkludert konstituerande leiar fram til ny leiar kjem på plass. Frå offentlig servicekontor får innbyggjarane og andre brukarar tilgang til ei rekke kommunale tenestetilbod samla på ein stad. Servicekontoret gir informasjon og rettleiing og har mellom anna ansvar for resepsjon og sentralbord, handtering av all inn- og utgåande post, saksarkiv, og nettstaden til kommunen.

Servicekontoret har mål om å sette brukaren i sentrum, og skal gi brukaren raske svar og gode tenester. Det opplystast at 60 % av leiarstillinga går til sekretæroppgåver i politisk arbeid og at kontoret har ansvar for valet. Kontoret består elles av sentralbordet, to stasjonar retta ut mot publikum, ein stasjon for inngåande post og journalføring, og ein fleksibel stasjon som nyttast der behovet til ein kvar tid er størst. All post går via websak og det går mykje tid med til journalføring. Frå samtalene går det fram at kontoret har hatt ei rulleringsordning mellom stasjonane sidan 2002 for å redusere sårbarheit knytt til dei ulike tenestene til servicekontoret, noko det er god erfaring med.

Frå nettsida går det fram ulike elektronisk skjema, inkludert eit for generelle førespurnadar til kommunen. Offentleg servicekontor kan og kontaktas i forbindelse med søknadsprosessar til ulike tenestetilbod. Til dømes har kommunen eit elektronisk samordna opptak til barnehagar, og av publisert informasjon om opptaket går det fram at offentlig servicekontor har ansvar for at søkjeprosessen fungerer godt, både i forhold til hovudopptaket, men og elles i året.

Servicekontoret handsamar sjølve sakar knytt til parkeringsløyver, transportkupongar, startlån, bustøtte (husbank), skjenkeløyver, sal av kommunale tomter og fritak for kommunale avgifter. Desse behandlast fortløypande. Elles journalførast sakane kun hos servicekontoret og/eller går vidare frå postmottak til andre einingar for handsaming.

Innan **helse og omsorg** handsamar ein alle søknadar om pleie- og omsorgstenester, samt all kontakt ut mot klientar. I 2014 blei det oppretta eit eige tenestekontor innanfor dette rammeområdet. Det vert nytta eit eige journalsystem som er heilt skilt frå den journalføringa som elles vert utført av offentlig servicekontor i systemet Websak. Ifølge rådmann har det vore gjort tilsyn og det er ikkje erfaringar med nokon spesielle utfordringar på området.

Innan rammeområdet **oppvekst og kultur** handsamast til dømes søknadar knytt til barnehageplass, redusert betaling til barnehage, og tidlegare/utsett skulestart, og søknad om kulturmidlar. Det opplysast om at det nyleg skal vere haldt kurs om forvaltningsregelverk for tilsette innanfor skulesektoren. Eit eige skule- og barnehagekontor inngår i stab/støtte i kommunen sitt organisasjonskart. Det er innført elektronisk søknad om barnehageplass, kor også dei enkelte barnehagar er involverte ved tildelinga.

Plan og næring er ei resultateining som er del av rammeområdet teknisk/næring. Av sentrale arbeidsoppgåver knytt til avdelinga inngår mellom anna planlegging, delingssaker, eigedomsdeling, byggesaker, registerføring, konsesjonar, utsleppsløyve og dispensasjonar. Ifølge årsrapport 2013 har byggjeaktiviteten dei siste åra medført vekst, med til dømes 81 registrerte nybygg i 2013. Det er og 1536 fritidsbustadar i kommunen og stadig utbygging av hyttefelt og nye bustadområde.

Frå årsrapporten og samtalar i forberedingsfasen, går det fram at eit stort volum av sakshandsaming overfor innbyggjarar ligg innan plan og næring, då særleg innan byggesak, miljø og landbruk (t.d. utsleppsløyver). Sakshandsamingstida innanfor byggesak, plansaker og delingssaker ligg godt under landsgjennomsnittet og det opplysast om god responstid. Innan kartforretning og oppmålingar har det vore utfordringar med etterslep på sakar, men ein har klart å løysa mange eldre delingssaker ved å setje av ekstra ressursar.

Lønn og personal er organisert direkte under rådmann og handterer alle søknadar knytt til tilsettingar.

I Årsrapport 2013 var det for servicekontoret satt opp som ei utfordring for 2014 å til ei kvar tid kunne utføre kvalitetsmessig gode tenester. Andre utfordringar er å implementera fullelektronisk dokumentbehandling i til dømes skule/barnehage-, byggesak-, personalarkiv, og å vidareutvikle nettstaden ved bruk av elektroniske verktøy i fleire tenesteområde.

Kommuneleiinga opplyser i samtalar at kommunen i den komande tida ønskjer å vurdere og legge ein strategi for å oppgradere til nye nettsider, som vurderast å ikkje vere gode nok i dag. Det er ønskje om å forbetre elektroniske løysingar som gjer informasjon og søking lettare og meir tilgjengelig ut mot innbyggjarane.

2 Føremål, problemstillingar og kriteria

2.1 Føremål

Forvaltningsrevisjonen skal sjå nærmare på sakshandsaming, service og haldningar i Sveio kommune, knytt til førespurnadar frå kommunen sine innbyggjarar. Føremålet er å evaluere korleis og i kva grad kommunen sikrar:

- eit høgt servicenivå overfor kommunen sine innbyggjarar
- effektiv sakshandsaming i tråd med lovkrav

Det er og eit føremål at forvaltningsrevisjonen skal gje tilrådingar om forbetringstiltak, dersom det blir identifisert forbetringspunkt.

2.2 Problemstillingar

På bakgrunn av føremålet vert følgjande problemstillingar føreslått for forvaltningsrevisjonen:

1. Kva målsettingar/føringar har kommunen etablert for å sikre ynska servicenivå overfor kommunen sine innbyggjarar?
2. I kva grad følgast målsettingane/føringane systematisk opp av leiinga?
Herunder til dømes sjå på
 - om/korleis kommunen arbeider med å bygge gode servicehaldningar
 - om/korleis kommunen sikrar at tilsette har tilstrekkeleg kunnskap til å ivareta gjeldande lover og reglar for sakshandsaming
 - om det gjerast målingar av servicenivå
3. I kva grad er det etablert tenlege rutinar for mottak og handsaming av førespurnadar?
4. I kva grad vert lovpålagte tidsfristar knytt til sakshandsaming etterlevd?

2.3 Avgrensingar

Service og effektiv sakshandsaming farnar vidt og grip inn i mange tenesteområder til ein kommune. KPMG foreslår at forvaltningsrevisjonen fokuserer på einingar med stort volum av innbyggjarkontakt / der sakshandsaming utgjer ein vesentleg del av arbeidet.

På bakgrunn av føremålet og førebuingane rår vi til å fokusere på det offentlege servicekontoret då dette er felles kontaktpunkt inn mot kommunen sine tenestetilbod. I tillegg foreslår vi å fokusere på oppvekst og kultur under problemstilling 3 og 4.

Oppvekst og kultur har mykje sakshandsaming. Det har og eininga plan og næring, samt helse og omsorg, men innan plan og næring føreligg det informasjon om gode resultat på sakshandsamingstid, og det er nyleg oppretta eige tenestekontor innan helse og omsorg som i større grad er skild frå offentleg servicekontor.

Problemstilling 3 og 4 er avgrensa til å vurdere handsaming av førespurnadar frå innbyggjarar som gjeld enkeltvedtak regulert av forvaltningsloven.

3 Revisjonskriteria

Til problemstillingane vert det oppstilt revisjonskriteria. Revisjonskriteria er dei krav eller normer som tilstand og/eller praksis i kommune vert målt mot. Revisjonskriteria må vere aktuelle, relevante og gyldige for kommunen. Ved val av revisjonskriteria vert det tatt utgangspunkt i oppstilte problemstillingar.

Aktuelle kjelder til å utleie revisjonskriteria er:

- Forvaltningsloven - særleg, men ikkje avgrensa til Alminnelige regler om sakshandsaming
§ 11 a.(saksbehandlingstid, foreløpig svar).
 - *Forvaltningsorganet skal forberede og avgjøre saken uten ugrunnet opphold.*
Dersom det må ventes at det vil ta uforholdsmessig lang tid før en henvendelse kan besvares, skal det forvaltningsorganet som mottok henvendelsen, snarest mulig gi et foreløpig svar. I svaret skal det gjøres rede for grunnen til at henvendelsen ikke kan behandles tidligere, og så vidt mulig angis når svar kan ventes. Foreløpig svar kan unnlates dersom det må anses som åpenbart unødvendig.
I saker som gjelder enkeltvedtak, skal det gis foreløpig svar etter annet ledd dersom en henvendelse ikke kan besvares i løpet av en måned etter at den er mottatt.
- Eventuelle kommunale planar, vedtak og føringar knytt til sakshandsaminstid og service overfor kommunens innbyggjarar.
- God praksis for internkontroll. Vi vil her byggje på KS sine tilrådingar, "rådmannens internkontroll, 2013, samt det anerkjente COSO¹ rammeverket for internkontroll.

¹ COSO er ei forkorting for The Committee of Sponsoring Organizations of the Treadway Commission, ei arbeidsgruppe av fem organisasjonar som har engasjert seg i å strukturere korleis organisasjonar kan etablere egna effektive styrings- og kontrollstrukturar. Dei fem organisasjonane er American Institute of Certified Public Accountants, American Accounting Association, The Institute of Internal Auditors, Institute of Management Accountants og Financial Executives Institute. I 1992 publiserte COSO rammeverket *Intern kontroll – et integrert rammeverk*. Rammeverket er oppdatert av 2013 og er i dag truleg fortsatt det mest internasjonalt aksepterte utgangspunktet for utvikling av intern styring og kontroll.

4 Tilnærming

4.1 Metode

Det vil bli samla inn dokumentasjon frå kommunen som vil bli nøye gjennomgått og analysert opp mot revisjonskriteria. Det vil deretter bli gjennomført intervju med leiarar og tilsette i kommunen som har ansvar for sakshandsaming og annan servicekontakt overfor innbyggjarar. Val av intervjuobjekt vert avtalt nærare med kommunen.

Ved gjennomføring av intervju vil det bli utarbeida intervjuguidar. Frå kvart intervju vil det bli skrive referat som vert sendt respondentan(e) til verifisering (gjennomlesing og evt korrigerings).

For problemstillinga som gjeld etterleving av tidsfristar vil det gjerast ei testing basert på eit tilfeldig utval av saker.

Svar frå respondentar og resultat frå testinga vil bli samanstilt med anna dokumentasjonen, som deretter vil bli vurdert opp i mot revisjonskriteria.

4.2 Aktivitets- og framdriftsplan

Figuren under viser forslag til aktivitets- og framdriftsplan. KPMG ber om at vår aktivitets- og framdriftsplan vert unnateke offentlegheit, då den syner KPMG si disponering av ressursar.

5 Utførande revisorar

KPMG sitt team i forvaltningsrevisjonen består av:

Partner Willy Hauge

Prosjektleder Director Ole Willy Fundingsrud

Prosjektdeltakarar (kjerneteam)

- Senior associate Ingvill Strand
- Senior associate Lena Davik Fjørtoft

6 Honorar

Iht. Avtale

Kontakt oss:

Willy Hauge

Partner

T +47 40 63 96 63

E willy.hauge@kpmg.no

Ole Willy Fundingsrud

Director

T +47 40 63 96 92

E ole.willy.fundingsrud@kpmg.no

kpmg.no

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	10.02.15	4/15
Kommunestyret	16.03.15	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

KONTROLLUTVALET - ÅRSMELDING 2014

Vedlegg: Utkast til kontrollutvalet si årsmelding for 2014

Saksorientering:

I følge kommuneloven § 77 pkt 6 skal ”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget”.

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2014 følgjer vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2014 og gir eit samandrag av dei hovedsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan ei total oversikt over alle saker til handsaming og saker til orientering .

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.


SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Sveio kontrollutval godkjenner årsmelding for 2014 slik ho ligg ligg føre (eller med endringar som kom fram i møtet).

OG INNSTILLING:

Sveio kommunestyre tek kontrollutvalet si årsmelding 2014 til orientering.

Aksdal, 02.02.15




Toril Hallsjø

Daglig leiar/utvalssekretær

SVEIO KOMMUNE

KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING

2014



KONTROLLUTVALET
SVEIO KOMMUNE

INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei melding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp drøfta og handsama i 2014.

I følgje kommunelova § 77 pkt. 6 skal ”*kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret*”.

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlem, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av utvalet sine medlemmer veljast blant representantane i kommunestyret. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet.

For perioden 2011 - 2015 har Sveio kontrollutval følgjande medlemmer:

Faste medlemmer

Leiar	Håkon J. Skimmeland (A)
Nestleiar	Kirsti Henden Tveitaskog (Sp)
Medlem	Andreas Bårtvedt (H)
Medlem	Tor Røkenes (V)
Medlem	Oddbjørg Hovland (MDG/SV)

Pers. varamedlemmer:

Heidi Nilsen Njøen (A)
Lars Vierdal (Sp)
Kåre Ekrene (H)
Bjørnar Økland (MDG/SV)
Hildur Larsen (Kp)

Håkon J. Skimmeland er utvalet sin kommunestyrerepresentant. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Ho har til nå ikkje møtt i utvalet. Rådmannen har ikkje møterett, men kan bli invitert/kalla inn av utvalet. Han møtte sjølv fire gonger i fjor. Økonomisjef møtte to gonger og kommunalsjef skule har møtt ein gong.

Kontrollutvalet har eige reglement, vedtatt fyrste gong i 2012 og reglementet blei revidert i 2014.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider. På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2014

Kontrollutvalet har i 2014 hatt 5 (5) møte fordelt på tre om våren og to på hausten. . Kontrollutvalet sine møte er opne for publikum og presse. Etter lovendring frå 01.07.13 gjeld det for alle kontrollutval, med unnatak av når det er heimel i lov å lukke.. Utvalet held sine møte i kommunestyresalen i Sveio Rådhus.

Utvalet har i 2014 hatt 32 (31) saker til handsaming der 5 av sakene er vidaresendt til handsaming i kommunestyret. 30 (29) saker er blitt lagd fram til orientering Samla oversyn over saker og orienteringssaker følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

På kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommunerevisorforbund 05.-6.02.14 deltok ingen frå Sveio. Heller ikkje på konferansen til Forum for kontroll og tilsyn i Haugesund 03.-4.06.14 eller dagskonferansen for kontrollutvala i Rogaland i Sandnes 20.11.14 deltok nokon frå Sveio.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalet har oppgåver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møte 29.04.14 kommunen sin årsrekneskap for 2013 til handsaming. Totalt sett blei rekneskapen for 2013 gjort opp med eit driftsoverskot på kr 1,5 mill. kr. Årsoppgjersbrevet blei sendt 08.05.14 og der var nokre forhold som utvalet ønskte tilbakemelding om.

Uttale til rekneskap for og Ryvarden Kulturfyr KF og Stien Eigedom KF blei godkjent i same møte. Kontrollutvalet hadde her ikkje merknader til rekneskapa.

Rådmannen sitt tilsvar av 19.08.14 blei lagt fram for kontrollutvalet i møte i september, og utvalet tok utgreiinga på oppfølging av revisor sine merknader til orientering.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Kommunestyret skal vedta planen.

Sveio kommune sin plan for 2012-2016 blei vedteken av kommunestyret i møte 22.10.12, sak 101/12. I planen er det tatt med sju prioriterte prosjekt, men utvalet er deefert mynde til å velje andre prosjekt.

Utvalet bestilte forvaltningsrevisjon om temaet «spesialpedagogiske tiltak» i januar etter at KPMG la fram framlegg til prosjektmandat i same møte. Ramma vart sett til 200 timar for prosjektet.

Delrapporten blei oversendt og presentert utvalet og administrasjon i møte i april og endelig rapport i september. Revisor hadde følgjande hovudbodskap og tilrådingar:

Kommunen sitt arbeid knytt til spesialpedagogiske tiltak er godt. Prosessar fylgjer regelverket i opplæringslova og det er klare indikasjonar på at arbeidet har positiv effekt.

Samstundes har vi peika på at brutto driftsutgifter for styrka tilbod til førskoleborn er relativt høgt. Dette bør sjåast i samanheng med kommunen si prioritering av tidleg innsats og spesialpedagogisk ressursteam. I tillegg bør det og sjåast i samanheng med at del elevar med spesialundervisning vert lågare dess høgare alderstrinn – noko som gjer at ein presumtivt "sparer" kostnader.

«Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt» i grunnskolen er rett i overkant av snittet i Kostragruppe 2.

Vi rår til at kommunen samlar alle med vedtakskompetanse knytt til spesialpedagogiske tiltak for ei felles erfaringsutveksling og gjennomgang av mellom anna:

- Avgjerslegrunnlag for vedtak.
- Samarbeidet med PPT.
- Kor vidt timar/ ressursar brukt til spesialpedagogiske tiltak bør dokumenterast meir detaljert,
- Grunnlag for ytterligare samarbeid på tvers av skulane ved gjennomføring av spesialpedagogiske tiltak – vert ressursane nytta best mogleg pr. i dag.

Rapporten vart lagt fram for kommunestyret i november i møte 03.11.14, sak 73/14 og rådmannen har fått eit halvt år på seg til å gje tilbakemelding om oppfølginga av rapporten.

I kommunestyrevedtak om rapport om budsjett- og økonomistyring innan pleie- og omsorgseininga frå hausten 2013, blei det også sett 6 månader til tilbakemelding. Kommunalsjef helse og omsorg gav i mai tilbakemelding til kontrollutvalet sitt junimøte om kva tiltak som var sett i verk. Saka ble lagt fram for kommunestyret i september.

4.3 SELSKAPSKONTROLL

I følge kommunelova er kontrollutvalet pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen for 2012-2016 og retningslinjene for slik kontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 22.10.12, sak 100/12.

I same møte blei rapport etter selskapskontroll av SIM IKS handsama. I vedtaket bad kommunestyret rådmannen følge opp ein del punkter som var retta mot kommunen, som oppfølging av eigarskapsmelding , nye ruiner osv. I denne saka var den frist som kontrollutvalet hadde sett, felle burt, så utvalet etterlyste tilbakemelding i januar 2014. Til april møtet kom rådmannen med tilbakemelding til kvart av punkta om kva som var gjort. Saka vart lagt fram for kommunestyret i mai.

Kontrollutvalet vedtok i 2014 å delta i selskapskontroll av Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS i lag med dei andre eigarkommunane. Det er revisjonsfirma Deloitte AS som har gjennomført prosjektet, og rapport etter gjennomført kontroll er venta å bli oversendt i slutten av februar.

4.4 TILSYN MED REVISOR

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor.

Kontrollutvalet gjennomførte i 2012 ein anbodskonkurranse om revisjonstenesta. KPMG AS vant konkurransen og det blei inngått avtale for perioden 2012-2015 med opsjon for kommunen til å forlengje avtalen med 1 år. Kontrollutvalet behandla sak om bruk opsjon i haust og kommunestyret slutta seg til utvalet si innstilling i møte 03.11.14, sak 74/14. KPMG AS vil då vere kommunen sitt revisjonsfirma fram til 30.06.16.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Willy Hauge med kontor på Stord. Forvaltningsrevisorane har kontor i Bergen.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte, og KPMG har møtt på alle møta i 2014. Det er presentert revisjonsplan og lagt fram mandat og rapport frå forvaltningsrevisjonsarbeidet.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Kontrollutvalet blei i mars bede av eit kommunestyremedlem om å kontrollere om valet, gjort av kommunestyret, var gjort på lovleg vis. Klage etter kommunelova § 59 (lovlegheitskontroll) skal sendast fylkesmannen, men krev at tre eller fleire medlemmer set fram kravet om det i møtet. I følge rundskriv kan kontrollutvalet uttale seg dersom kommunestyret har gjort eller er i ferd med å gjere eit vedtak som vil vere ulovleg.

Utvalet kunne ikkje sjå at det gjort nokon feil eller skjedd noko ulovleg. Valet var gjort som avtaleval, slik det etter lovendring i 1992, er opna for å tillate, i motsetnad til forholdsval.

I november møtte rådmann og orienterte om framlegg til budsjett 2015 og økonomiplan. Utvalet er og blitt orientert om statlege tilsyn, tertialrapportar, budsjettvedtak, KOSTRA-tall osv.

5 BUDSJETT/REKNESKAP FOR TILSYN OG KONTROLL

ANSVAR SOMRÅDE 10010	REGNSKAP 2014	BUDSJETT 2014	REGNSKAP 2013
REVISION OG KONTROLLUTVAL			
Godtgjersle, kurs, m.m	24 599	52 000	37 849
Revisjonstenester (avt m/private)	299 886	358 000	309 977
Sekretariatstenester ((IKS))	147 000	150 000	141 000
Sum utgifter	443.488	560 000	488.826

Kontrollutvalet handsama hausten 2014 framlegg til budsjett for internt tilsyn og kontroll for 2015. Framlegg til budsjett var på kr 572.000 eks mva. Timetalet til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll ligg på eit minimum.

6. SEKRETARIATET FOR KONTROLLUTVALET

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS kom i drift frå 2005 og har no vore i verksemd i 10 år.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med fire revisjonsselskap (Deloitte, KPMG, BDO og Rogaland Revisjon), andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Hordaland og Agder.

Selskapet har i 2014 vedtatt ny styreinstruks, etiske retningslinjer og overordna strategiplan for perioden 2014-2018.

Fast utvalssekretær har vore dagleg leiar Toril Hallsjø. Sekretariatet har egne heimesider, www.kontrollutvalgene.no, kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

Frå Sveio kommune er Håkon J. Skimmeland vald til representantskapet i IKSet med Oddbjørg Hovland som varamedlem. Skimmeland møtte på møtet 28.04.14.

7. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2014 har vore som planlagt. Det har vore utarbeidd og lagt fram ein rapport og administrasjonen har gjort greie for aktuelle saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året. Ved sekretariatet har det vore eit normalår.

Sveio, den 10.02.15
Kontrollutvalet i Sveio

Håkon J. Skimmeland (A)
(sign.)leiar

Kristi Henden Tveitaskog (Sp)
(sign.)

Tor Røkenes (V)
(sign.)

Andreas Bårtvedt (H)
(sign.)

Oddbjørg Hovland (MVGSV)
(sign.)

OVERSYN – SVEIO KONTROLLUTVAL 2014

Saker til behandling:

- 1/14 Godkjenning av protokoll frå møte 19.11.13
- 2/14 Referat- og orienteringssaker 28.01.14
- 3/14 Utkast til prosjektmandat for forvaltningsrevisjon 2014 – spesialundervisning
- 4/14 Kontrollutvalet si årsmelding 2013

- 5/14 Godkjenning av protokoll frå møte 28.01.14
- 6/14 Referat- og orienteringssaker 29.04.14
- 7/14 Delrapporerer – forvaltningsrevisjonsprosjekt – spesialpedagogiske tiltak
- 8/14 Sveio kommune – uttale til årsrekneskapen for 2013
- 9/14 Ryvarden Kulturfyr KF – rekneskap og årsmelding 2013
- 10/14 Sveio Bufellesskap KF – rekneskap 2013 m/noter
- 11/14 Oppfølging etter selskapskontroll i SIM IKS
- 12/14 Førespurnad om kontroll av kommunestyrevedtak

- 13/14 Godkjenning av protokoll frå møte 29.04.14
- 14/14 Referat- og orienteringssaker 17.06.14
- 15/14 Oppfølging av forvaltningsrevisjon – budsjett- og økonomistyring – pleie/omsorg
- 16/14 Oppfølging av årsoppgjersbrev for rekneskapsåret 2013
- 17/14 Tertialrapport og revidert budsjett 2014 og økonomiplan 2015-18

- 18/14 Godkjenning av protokoll frå møte 11.06.14
- 19/14 Referat- og orienteringssaker 23.09.14
- 20/14 Revisor si egenerklæring 2014
- 21/14 Oppfølging av revisors merknader til rekneskapen 2013
- 22/14 Budsjett for 2015 - kontroll og tilsyn 2014 – utvalet sitt framlegg
- 23/14 Revisjonsavtalen – bruk av opsjon til 30.06.16
- 24/14 Reglementet for kontrollutvalet – endring av kap. 8 om høyring

- 27/14 Godkjenning av protokoll frå møte 23.09.14
- 28/14 Referatsaker 25.11.14
- 29/14 Revisjonsplan for rekneskapsåret 2014
- 30/14 Sveio kommunes budsjett 2015 og økonomiplan 2015-18 - rådmannen sitt framlegg
- 31/14 Val av forvaltningsrevisjonsprosjekt for levering i 2015
- 32/14 Møteplan for 2015

Saker til orientering

1. Kom.styrevedtak 16.12.13, sak 85 – Forvaltn. rapport – budsjett- og økon.styring
2. Kom.styrevedtak 16.12.13, sak 98 - Økonomiplan 2014 -2017
3. Budsjett 2014 – ansvarsområde 1010 – kontroll og tilsyn
4. Årsrapport for 2013 - skatteoppkrevjaren i Sveio kommune
5. Skatterekneskapen 2013
6. Statusoversikt januar 2014
7. Revidert møteplan 2014 for Sveio kommune
8. Kontrollrapport 2013 vedk. skatteoppkrevjarfunksjonen for Sveio kommune
9. Frå Årsrapport 2013 pkt. 3.1 om innfordring og restansar og andre kommunar
10. Skriftleg tilbakemelding vedk. merknader til revisor sitt årsoppgjersbrev for 2012
11. Representantskapsmøte 25.04.14 kl. 09.30 - SIM IKS
12. Representantskapsmøte 28.04.14 kl. 18.00 - Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
13. FKT-konferanse 3.- 4. juni i Haugesund (www.fkt.no)
14. Statusoversikt april 2014
15. Protokoll - representantskapsmøte 25.04.14 -- Haugaland Vekst IKS
16. Møte i hamnerådet 28.05.14 – Karmsund Havnevesen IKS
17. Generalforsamling 17.06.14 - Haugalandspakken AS
18. Fagkonferansen i kontroll og tilsyn 3.- 4. juni i Haugesund (www.fkt.no)
19. Statusoversikt juni 2014
20. Gebyrvedtak frå klagenemnda for offentlige anskaffelser – KST- sak 44/14
21. Forenklingsutvalet sitt framlegg til nye innkjøpsregler ut på høyring
22. Statusoversikt september 2014
23. Protokoll – representantskapsmøte 28.05.14 – Krisesenter Vest IKS
24. KS sitt brev 05.08.14 om det vidare arbeidet med ein kommunereform
25. Statusoversikt november 2014
26. Komm. styrevedtak 03.11.14, sak 72/14 – Reglementet for Sveio kontrollutval
27. Komm. styrevedtak 03.11.14, sak 73/14 – Forvaltningsrev. rapport – spes.ped. tiltak
28. Komm. styrevedtak 03.11.14, sak 74/14 – Revisjonsavtalen – bruk av opsjon
29. TBU: 1,75 prosent – artikkel frå Kommunal Rapport 17.11.14
30. Oppsummering frå konferansen til Forum for kontrollutval i Rogaland